



## Teknisk Komité Elv

Referat møte 18.12.2008

---

### Referat til møte i Teknisk komité elv (TKE)

**Stad:** Idrettens Hus

**Tid:** 18.12.2008, klokka 17.00

**Til stades:** Egil Gålåen Gjølme (EGG), Tor Håkon Inderberg (THI), Dag Sandvik (DS), Heidi Toftner (HT) og Sven Nordby Andersen (SNA)

#### **Sak 1: Riksanlegget og Sjoafestivalen**

Bakgrunn: TKE har hatt ansvaret for at Sjoa Elvefestival vert halde kvart år. Samstundes har det overordna ansvaret for drifta av Riksanlegget i Sjoa også vore tillagt TKE. Komiteen ser at dette ansvaret er vanskeleg å fylle for ein komite beståande av frivillige. Behovet for eldsjeler og ei forankring i lokale padlemiljø vert fastslått å vere heilt essensielt for sjoafestivalen si framtid. Samstundes ser me at riksanlegget er sentral for Sjoafestivalen og som arena for andre arrangement. Difor er det ynskjeleg med ei ordning som kan gjere riksanlegget mogeleg å nytte ved slike særskilde behov.

Vedatk:

*TKE sender ut eit informasjonsskriv som tar opp den viktigste delen av utviklinga den siste tida, med vekt på situasjonen for Riksanlegget i Sjoa og Sjoafestivalen. TKE vurderer ei ordning for riksanlegget og framtida for Sjoafestivalen ved neste møte.*

#### **Sak 2: Tentativ terminliste 2009**

Juniormiljøet har etterlyst ei tentativ terminliste i forkant av sesongen. Dette har leder TKE respondert positivt til. I denne saka er TKE imidlertid avhengig av innspel frå juniormiljøet då det er dei som skal drive aktivitetane. Inntil vidare har ikkje dette komme. EGG føreslår at TKE, ved å publisere ei terminliste set igang ein prosess for å få konkrete innspel frå juniormiljøet.

Vedtak:

*TKE publiserer terminliste med dei arrangementa me har på kalenderen, med oppfordring til klubbar om å få med sine arrangement.*

#### **Sak 3 : Teikn og signal**

Det har vore etterlyst ein mal for teikn og signal fra NPF/TKE. TKE har send ut eit forslag til signal som har vore til høyring i sesongen 2008. Desse har me motteke enkelte tilbakemeldingar på. Meningen er at denne malen skal fungere både som ei anbefaling for praktisk bruk på elva, men også vere ein del av NPFs kurs.

Vedtak:

*Malen for signal frå NPF/TKE vedtas. Den inkluderast i kursplanane for sikkerhetskurs, aktivitetsleiarkurs, og vidaregåandekurs, samstundes som den skal fungere som eit anbefalt utgangspunkt for teikngjeving i praksis. Malen publiserast på nett av generalsekreteren.*



## **Sak 4: Skjema for rapportering av ulykker**

Det kan synast å ha vokse fram eit behov for rapportering av ulykker slik at NPF kan ha ei oversikt over enkelte faktorar for hendelsesforløp. Eit slikt system har vorte utvikla for bruk på hav. TKE meiner dei innehar kompetansen til å utvikle det skjema som er føreslått nytta, til å kunne fungere i samband med rapportering av ulykker på elv.

Vedtak:

*TKE set igang arbeidet med å utvikle dette sjemaet til også å passe for elv. Arbeidet vert i hovudsak å utvikla høvelege kategoriar. HT tar ansvar for framdrift med høringsrunder. Tar sikte på eit forslag/utkast til tinget. Første høringsrunde internt i TKE 15.jan.*

## **Sak 5: Utøversøknader**

Dag Sandvik har søkt om stønad til utgifter han har hatt i samband med Sick Line 2008. DS forklarar på spørsmål om kvifor det ikkje har komme inn søknadar frå nokon av dei som var med på Teva Mountain Games i Val Sesia, at kommunikasjonen mellom TKE og utøvarane har svikta, då hovudsakeleg fordi fleire utøvarar har kontakta TKE og gjeve motsridande meldingar attende til utøvargruppa. DS føreslår at utøvarane vert oppfordra til å søke innan årskifte og at midlar vert satt av til dette.

Vedtak:

*TKE har laga fordelingsnøkkel for midlar til utøvarane som har delteke i internasjonale konkurransar. Denne er laga på bakgrunn av tidlegare tildelingar og informasjon frå DS om kven som har delteke kvar. Midlar vert tilgjengeleg ved søknad etter gjeldande søknadsprosedyrer. Fristen er årskftet, og DS underrettar utøvarane om dette. Betalingsdetaljar avtalast med forbundskontoret. DS lagar ny søknad og er teke med i berekniga av fordelingsnøkkelen på lik linje med dei andre utøvarane.*

## **Sak 6: Modell for utvikling av landslag**

På møtet i TKE den 29.05.2008 vart det vedteke søknadskriteriar for søknader til TKE. Som ein oppfølging til dette vart det ytra ønske om å utvikle ei ordning for landslagsorganisering. TKE ønska å utvikle en modell for landslagsorganisering og søknadskriterier i løpet av hausten. DS er initiativ og ansvarlig for dette, med støtte av resten av TKE. DS har til dette møtet laga forslag til retningslinjer for utvikling av eit landslag. Retningslinjer som er lagt ved, vart positivt motteke av TKE, men med visse forbehold: Punktet vedrørende søknader om stønad får ein annan ordlyd, og punkt som vedrører støtteapparat vert korrigert til å ikkje omfatte medisinsk hjelp.

Forslag til vedtak:

*Modellen, med nemde endringar, for utvikling av landslag vedtas som eit prøveprosjekt for sesongen 2009, før den evaluerast i avslutninga av sesongen av TKE. Dette dannar grunnlag for vurdering av endringar.*

## **Sak 7: Budsjet**



## Teknisk Komité Elv

Referat møte 18.12.2008

---

Eit tentativt budsjett må oversendast Styret i NPF innan medio februar. Her må me m.a. ta stilling til kva plass internasjonale konkurransar skal ha. SNA presenterer budsjettet og informerer om dei ulike postane.

Vedtak:

*Det føreslåtte budsjettet for 2009 vedtas av TKE.*

### **Sak 8: Informasjon fra Generalsekreteren**

SNA informerer om styremøte i NPF der THI er beden å møte, og om padletinget den 28.03.09. Behovet for møte med klubbleiarar vert og informert om. SNA føreslår å søke om FRIFO-midlar til A-camp i samme storleik som føregåande år.

Vedtak:

*TKE tar informasjonen til etterretning.*

*Søknad om frifondmidler vert utarbeida og levert av generalsekreteren.*

### **Eventuelt**

- DS ytrer ønske om å sjå nærare på kva TKE kan gjere for å bistå klubbar i utbyggingssaker og vere aktive i vernet av padleelver.
- Behovet for kontinuerleg arbeid med å betre informasjonsflyten frå TKE ut til miljøa vert understreka.
- Det er komme spørsmål moglegheiten for å få til eit slalåm miljø i Noreg.

Vedtak:

*TKE tar dette til etterretning.*

Referat 26.12.08 Dag Sandvik